



Leiar Geir Remme saman med 12-år gamle Jonathan Taranger, Joacim Musland, Jostin Soldal og Ole Haukenes Eik

Det er ei stund sidan vi hørde noko om ungdomsklubben i Gamleskulens toppetasje - har den bukka under? Slett ikkje, men leiar sidan 1998 Geir Remme innrømmer at klubben har vore prega av laber aktivitet denne hausten.

Det er ein konsekvens av at ungdommane søker til Husnes og Rosendal der dei går på skulen og er saman med vennene sine. Remme gjev imidlertid slett ikkje opp og når uskedalen.no kjem innom ikveld er 4 12-åringar i full aktivitet ved biljardbordet, Dei er debutantar i klubben og alle er frå Uskedalen. Remme innrømmer at nedleggjing har vore på tale, men førebels vert klubben halde ope slik at den kan nyttast hvis bygda ynskjer det. Pågangsmotet hans er imponerande - no er det 24 år sidan han tok til som ungdomsarbeidar.

Dei som er mellom 14 og 16 år går på ungdomsskulen i Rosendal og på Husnes og tek gjerne bussen dit om kveldane. Den har ei rute som passar svært godt, og rekrutteringa til klubben i Uskedalen sviktar.

- Ungdommen vil jo helst møte annan ungdom, konstaterar Remme.

Klubben i Rosendal er ope 3 dagar i veka medan klubben her i bygda er ope 1 dag.

For tida er det Rosendal som har mest vind i segla.

Remme slår fast at trendene endrar seg og då er det ingen annan råd enn å justera seg i takt med dei. Samstundes er dei unge meir mobile enn tidlegare.

- Men vi skal ha aldersgruppa ned til 8. klasse som målgruppe. opplysar leiaren og presiserar at klubblokala vert halde ope og at utstyret ikkje skal fjernast.

- Vi er ope for gode idear og initiativ, seier Remme

Tekst, foto og nett; Ola Matti Mathisen